

## Sjørøvarøya

Ina, Sam og Kanon-farfar seier «ha det»  
til Kaptein Lure-Leif og kona hans.  
Dei har hatt det fint på biblioteket.  
No skal dei padle vidare på ein stor innsjø.  
Etter ei stund ser Kanon-farfar i kikkerten.  
Langt der framme ser han ei lita øy.  
«YES!» seier han.  
«Det er sjørøvarøya! Der ligg den magiske skatten.»  
Dei padlar innover mot øya.  
På land ser Kanon-farfar på GPS-en.  
«Vi må gå 58 steg fram og 73 steg til høgre.»  
Kanon-farfar marsjerer i veg.  
På talet 73 stansar han.



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 66.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 5, 6 og 7.